

Referat frå møte 1 i SU/SMU

Stad:	Ågotnes sk.	Dato:	10.09.2025	Møtenr.:	1/2025-2026
Referent:	Magne Abelsen				
Deltakarar:	Malene, Olav - elevrådsrepresentantar Ane (leiar), Anja (nestleiar) – FAU-representantar Cecilie - lærarrepresentant Tore, Stian – kommunale representantar				
Ikkje møtt:	Aina (Laila), Anne Merete				

Tema:	Kva:	Oppfølging:
Saker frå skulen:	- SU: Rektor orienterte om samansettinga av SU. SU skal ha fem møte gjennom skuleåret. SU avklara førre skuleår at planleggingsdagen 30. Januar 2026 vart flytta til 6. november 2025. Fredag 30.01.26 blir då vanleg skuledag. Tilsette skal på studietur 6. og 7.11.25, og nyttar to planleggingsdagar til det. Studieturen blir finansiert gjennom DeKomp-midlar. - SUPER+ : Rektor orienterte om at skulen skal vere med i prosjekt for utvikling av SUPER!! For mellomtrinnet - førebels kalla SUPER+.	
Saker frå SFO:	Anne Merete Tøssebro er ny SFO-leiar. Ho kjem frå stillinga som SFO-leiar på Skålevik.	
Saker frå elevrådet:	TL: Elevrådet har drøfta alternativ til TL-programmet. Skulen har sagt opp avtalen med TL, og vi vurderer andre måtar å ha trivselsfremmande aktivitetar i friminutta. Rektor undersøker lovlegheita i avtalekontrakt med binding for tre år.	
Saker frå FAU:	Aktuelle saker som vart lufta på FAU sitt konstitueringsmøte: - Trafikksikring i samband med den nye utbygginga rett ved skulen, mellom skulen og Valderhaug. - Førre skuleår sendte SU-leiar fleire e-postar om ulike utfordringar knytt til overgangar ved fleire vegar i nærleiken til skulen. Leiar av SU fekk ikkje svar på spørsmåla sine, og vil halde fram med å kontakte skulen. Stian oppmodar SU til å ringe kommunen for å få svar, alternativt kan SU sende e-post til han, så kan han melde inn spørsmål til kommunestyret. - SU hadde oppe ei sak i vår om vegen frå Vestsidvegen og ned mot asfaltverket. Rektor	



	tenkjer at vegen frå busstoppet og ned mot asfaltverket er farleg grunna trafikken til og frå asfaltverket. Elevar som går på SFO har ikkje rett på buss, men dei andre elevane vil då ha rett på drosje grunna farleg skuleveg. - 17.mai - TL - Pengar til Fjell Festning; Ane har undersøkt kva det kostar å ha opphald for ein klasse på Fjell Festning og lurar på om FAU kan søkje om midlar for å få gjennomført samlingane for våre 5.trinn. SU tenkjer at det er viktig at ei satsing på Fjell Festning ikkje går på bekostning av andre lovpålagte oppgåver eller den daglege drifta resten av året. - Helse - Gjengrodde skråningar i uteområdet; Rektor følgjer opp med å seie at slik det ser ut ikkje er slik vi ønskjer at det skal vere og heller ikkje slik vi såg for oss at det skulle bli. Han har meldt det inn som sak til Eigedom Drift. Særleg skråninga i sør, ned mot snuhammaren bør gjerast noko med, då det er "skulen sitt andlet ut". - Ballbingen bak gymsalen, nord for skulen står til forfall. Rektor har meldt inn saka til Eigedom Drift, og han har fått tilbakemelding om at ny berge er spelt inn til budsjett. Løysinga skulen har no, med å nytte fotballbanen ved sida av Ågotneshallen, fungerer godt for elevane; det er meir plass og mindre konflikstar. - Bosshuset står på kommunal liste over skular som skal få nedsenka bosscontainerar.	
--	--	--